

Møtebehandling
Vedtak samrøystes

KOM- 120/20 Vedtak:

Satsar for foreldrebetaling i SFO pr 01.01.2021 vert vedtatt slik:

Timetall pr veke	Pris pr mnd frå 01.01.2021 auka med kr 100 pr sats
Morgon SFO	1230
1 - 8	1290
10	1510
12	1710
14	1900
16	2080

Det kan kun tingast heile opningstida pr. dag.

Moderasjonsordning:

Har ein to born i SFO vert det gitt 25% moderasjon i betalingsssatsen til det yngste barnet. Har ein tre born i SFO vert det gitt 25% moderasjon for barn nr.2 og 50% moderasjon for barn nr.3.

Kjøp av tid utover avtalt opphaldstid:

Det vert lagt opp til at det berre kan tingast heile dagar i samband med skulefri og kjøp av ekstra dagar

Kjøp av ekstra opphaldstid i samband med skulefri er kr. 250,- pr dag. Kun tinging av heile dagar.

Kjøp av tilfeldig opphaldstid utanom skuleferie er kr. 50,- pr time. Kun tinging av heile dagar (det antall timar SFO er open den dagen ein tingar).

Nasjonal moderasjonsordning for SFO:

Redusert foreldrebetaling i SFO for hushaldning med elevar på 1. og 2. trinn. Ordninga sikrar at ingen familiar skal bruke meir enn maksimalt seks prosent av inntekta si til å betale for ein SFO-plass. (Ordninga er foreslått utvida med 3.og 4. trinn i 2021)

Gratis SFO for elever med særskilte behov på 5. og 7. trinn.